

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.: 201300050-10

Dykkar dato: 04.02.2016

Vår ref.: 2-lå/16swb

Vår dato: 25.04.2016

Ang. høring av konsesjonssøknadar for tre småkraftverk i Lærdal kommune

Syner til høyringsbrev med ref. 201300050-10, der NVE bed om fråsegn til konsesjonssøknadar for i alt 3 småkraftverk i Lærdal kommune med høyringsfrist 20.05.2016. Eitt av desse, Kvemma kraftverk, ligg i nærleiken av Lærdal-Årdal villreinområde. Dette anlegget har to inntak, som begge ligg så høgt i terrenget at tiltaket kan påverke villreinen sitt leveområde. Villreinen nyttar tidvis areal også utanom det som er rekna som teljande areal, typisk då er fjellbjørkeskog og stølsvoller. Tiltaket ligg og så nær fjellet at lydølger frå t.d. sprengingsarbeid vil kunne nå inn i snaufjellet. Villreinnemnda ser seg difor som ein berettiga høyringspart jfr. vårt mandat slik det er nedfelt nedfelt i hjorteviltforskrifta av 2016 (FOR-2016-01-08-12), § 21, 1. ledd.

Saka vart lagt fram og handsama i villreinnemnda sitt møte på Skei, 04.04.2015, som sak V-16-11, Høyringsaker, a.) Høring med ref. 2-lå/16.

Saksutgreiing:

Det vert søkt om konsesjon for småkraftverk med vatn frå elvane Øvre Kvemma og Volldøla, nord for Steinklepp i Lærdal kommune. Småkraftprosjektet er planlagt med to separate inntak som overførast via borehol til ei felles røyrgate ned til kraftstasjonen. Verket vil utnytte 347 meter fall frå kote 775 i Kvemma og frå kote 775 i Volldøla, til kraftstasjon på kote 428. Kraftstasjonen vil verte bygd på austsida av Kvemma, oppstrøms utløpet til Lærdalselva.



Oversiktskart over tiltaket, klipt frå konsesjonssøknad for Øvre Kvemma kraftverk, Norsk Grønn kraft.


Sekretariatsadresse:
Siri Bøthun Naturforvaltning
Hovsgranden
6896 Fresvik

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Inntak

Øvre Kvemma: Inntaket i Kvemma er planlagt i ei fjellkløft på ca. kote 775, rett overfor der ein gamal sti krysser elva. Borehol vil gå rett ut frå inntak. Inntakskonstruksjonen vil verte tilpassa omgjevnadane og freista plassert så diskret som mogleg. Det er tenkt etablert ein platedam i betong, men bruk av bjelkestengsel i aluminium i dammen vil og verte vurdert. Det vil verte slipp av minstevassføring. Vassvolum er berekna til ca. 7000 m³. Lengde på dam vert ca. 10 m, med en maksimal høgd på 1,9 m. Neddemt areal vert ca. 3,9 m², alt med atterhald om justeringar i utforming av dam i detaljfasen. Transporten til inntaket vil skje med helikopter.

Volldøla: Inntaket i Volldøla er planlagt i ei fjellkløft på ca. kote 775, ikkje så langt oppstrøms der kor terrenget byrjar å få det markante fallet nedover mot Sprakhaugen. Inntaket vil ikkje verte synlig frå dalen, da det blir skjult i fjellkløfta. Borehull vil gå ut rett frå inntak, og soleis vil inntaket være eit lite inngrep. Inntaket vert bygd i betong mot fjell, men bruk av bjelkestengsel i aluminium i sjølve dammen vert vurdert. Det vil verte slipp av minstevassføring. Vassvolum er berekna til ca. 5000 m³. Lengde på dam vert ca. 10, med en maksimal høgd på 1,9 m. Neddemt areal vert ca. 2,7 m², alt med atterhald om justeringar i utforming av dam i detaljfasen. Det er tenkt å etablere ei gangbru over elva her, då elva ligg i ei bratt kløft og det er vanskelig å komme over. Transporten til inntaket vil skje med helikopter.



Vassvegen. Kjelde: Konesjonssøknad for Øvre Kvemma kraftverk, Norsk Grønn kraft.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Vassveg

Dei øvste delane av vassvegen vil gå i boresjakt. Frå Øvre Kvemma vert dei ei 1000 m lang sjakt ned til overgong til røyrgate. Boresjakt frå Volldøla vil verte kopla på same røyrgate 350 m lengre ned. Vidare vil vatnet gå i nedgreve røyrgate, i ca. 1000 m, ned til kraftverket. Det vil berre vere inntaka som ligg så høgt at prosjektet vil kunne påverke villreinen.

Vegar

Det vil verte etablert anleggsvei frå eksisterande vegar og om lag 1 km. opp til påhogg borehull. Det vert søkt om å kunne nytte vegen som permanent landbruksveg i klasse 7 i driftsperioden, som eit ynskje frå grunneigarane og for å lette tilkomsten til inntak og røyrbrotsventil.

Alternative utbyggingsløyningar

Det vert og søkt om eit alternativ utan overføring av Volldøla for å evt. redusere totalomfanget av naturinngrep.

Kartlegging av naturmangfald

Det er gjort ei fagutgreiing av naturmangfaldet som kan verte berørt av tiltaket, utgreiinga er utført av Faun naturforvaltning AS.

I konsesjonssøknaden er tilhøvet til og evt. påverknad av naturmangfald vurdert. Det einaste som står om villrein er fylgjande: «*Ellers er det også verdt å nevne at jerv (EN) og villrein (LC) benytter høyereliggende deler av nedbørsfeltet et stykke ovenfor influensområdet som en del av et større leveområdet.*»

Rapporten for biologisk mangfald som fylgjer søknaden seier heller ikkje noko meir om villreinstamma enn det som er sitert over, frå søknaden, det vert heller ikkje nemnd kva for villreinområde som ligg i nærleiken av tiltaket. I høve til konsekvensar for vilt vert det konstatert fylgjande: «*Selv om anleggsfasen kan virke negativt på vanlig forekommende fugl og pattedyr over et kortere tidsrom, så vurderes virkningsomfanget for disse gruppene som lite negativt.*»

Vurdering av tilhøvet til villrein

Lærdal-Årdal villreinområde ligg i fjellområdet mellom Årdalsfjorden/Moadalen-Tyin og Lærdal/fjellovergangen over Filefjell (E16). Stamma, som vart etablert på tidleg 90-tal etter ein periode utan dyr i området, har eit bestandsmål på 4-500 dyr. Dei seinare åra har stamma vore på mellom 250 og 300 dyr, talet er pr. dato usikkert. Hellingane og lisdene på sørsida av villreinområdet, dvs. ned mot Borgund, Lærdal og Lærdalsfjorden, har fjellstølar og fjellbjørkeskog. Dette er terreng som typisk vert nytta av villrein frå den første snøsmeltinga og frametter vår og forsommar. På denne tida har dyra tæra ned feittreservane gjennom vinteren, og det er viktig å finne tidleg groe. Kvamsdalen er ein dal som vert nytta mykje av reinen, særleg på vår- og forsommararbeite (dvs. frå seint i mars og fram til og med juni månad), men og elles i året. Det går dessutan ei fast trekkrute mellom Orheimsnosi (fjellknatten mellom Volldalen og Kvamsdalen) og Kråkebeinsnosi som kryssar Kvamsdalen like ovanfor planlagt inntak.

Det er liten generell kunnskap om småkraftverk sin påverknad på villrein. Inntaka vil ligge i kløfter, og ikkje på plassar der rein naturleg vil krysse elvene. Rein reagerer lite på faste installasjonar. Inntaka i seg sjølv har lågt konfliktpotensial, det er menneskeleg aktivitet som kan forstyrre reinen. Når det ikkje er planlagt anleggsvegar opp til inntaka vil uroing avgrense seg til tilsyn av inntaka. Dersom dette skjer med omsyn til reinen, og ein unngår kalvingstida, vil det ikkje ligge vesentleg konflikt i driftsfasen.

Under anleggsfasen er det viktig å ta omsyn. Det bør etablerast eit eige tilsyn med villreinflokkane i områda ovanfor tiltaket, slik at anleggsarbeidet stogkast om rein trekker ned i Kvamsdalen og Volldalen.

Framlegg til uttale

Villreinnemnda vil bemerke at vurderinga av påverknaden på naturmangfald er mangelfull då den ikkje har handsama villrein som tema.

Me har ikkje merknad til at dei aktuelle elvane vert nytta til kraftproduksjon frå omsøkte inntak, men

me bed om at det vert teke omsyn til villrein i anleggsfasen.

- Ein bør unngå uroing av området fram til medio juni. Det er ikkje tilrådeleg å settje i gong anleggsarbeid eller å gjennomføre helikoptertransport mot slutten av drektigheitstida og medan kalvane er små, dvs. i april og fram til minst medio juni. Dersom ein kan stadfeste med sikkerheit at dyra ikkje nytter området kan ein starte 1. juni.
- Dersom villrein trekker ned i Kvamsdalen eller Volldalen undervegs i arbeidet bør anlegget stogge fram til dyra har trekt vidare og ut av området.
- Det bør etablerast eit eige tilsyn med villrein i fjellområda ovanfor ved kompetent fjelloppsyn, og god dialog med varslingsrutinar mellom oppsyn og anleggsleiinga.

I driftsfasen bør det takast omsyn, der ein forsikrar seg om at det ikkje står dyr i området før evt. naudsynt transport med helikopter.

Villreinnemnda vil oppmode om at omsynet til villreinen vert lagt som vilkår til ein evt. konsesjon og som fastsette krav i landskaps- og miljøplan for anlegget.

Vedteken uttale

Villreinnemnda vil bemerke at vurderinga av påverknaden på naturmangfald er mangelfull då den ikkje har handsama villrein som tema.

Me har ikkje merknad til at dei aktuelle elvane vert nytta til kraftproduksjon frå omsøkte inntak, men me bed om at det vert teke omsyn til villrein i anleggsfasen.

- Ein bør unngå uroing av området fram til medio juni. Det er ikkje akseptabelt å setje i gong anleggsarbeid eller å gjennomføre helikoptertransport mot slutten av drektigheitstida og medan kalvane er små, dvs. i april og fram til minst medio juni. Dersom ein kan stadfeste med sikkerheit at dyra ikkje nytter området kan ein starte 1. juni.
- Dersom villrein trekker ned i Kvamsdalen eller Volldalen undervegs i arbeidet lyt anlegget stogge fram til dyra har trekt vidare og ut av området.
- Det lyt etablerast eit eige tilsyn med villrein i fjellområda ovanfor ved kompetent fjelloppsyn, og god dialog med varslingsrutinar mellom oppsyn og anleggsleiinga.

I driftsfasen lyt det takast omsyn, der ein forsikrar seg om at det ikkje står dyr i området før evt. naudsynt transport med helikopter.

Villreinnemnda vil oppmode om at omsynet til villreinen vert lagt som vilkår til ein evt. konsesjon og som fastsette krav i landskaps- og miljøplan for anlegget.

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

sign.
Arne J Hauge
Leiar



Siri Wølneberg Bøthun
Sekretær

Kopi til:
Lærdal-Årdal villreinutval v. Ole Bjarne Hovland
Lærdal kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane